



Kinn kommune

Informasjon og service

Nærings- Og Fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Vår ref.:
23/6439 - 57 / LILA1

Dykkar ref.:

Dato:
16.02.2024

Høyringsvar frå Kinn kommune - Ny lov om offentlege anskaffingar

Kommunestyret i Kinn har i sak 024/24, i møte 15.02.2024 fatta følgjande vedtak:

Høyringsvar frå Kinn Kommune
Sak 024/24 Dato: 15.02.2024

Vi viser til høyringsbrev av 10.11.23 der Nærings- og fiskeridepartementet ber om innspel til NOU 2023: 26, og ønske med dette å gi frå seg høyringsvar til forslaget.

1. Overordna om lovforslaget

Forslaget til ny lov om offentlege innkjøp er resultatet av første delutgreiing frå innkjøpsutvalet. Sidan andre delutgreiing blir lagd fram på eit seinare tidspunkt, er det sentrale tema som ikkje blir belyste i dette forslaget og det gjer det vanskeleg å kommentere forslaget heilskapleg.

På overordna nivå er vi positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EØS-retten blir gjort tydeleg slik forslaget legg opp til.

2. Om innleiande avgjerder og samfunnsomsyn

Det nye kapittelet om samfunnsomsyn verkar oversiktleg. Vi meiner det er ryddig og pedagogisk å samle dei overordna samfunnsomsyna i eit kapittel.

Den nye formålsavgjerda i lovforslaget er meir omfattande, tydelegare og klarare knytt opp mot det som loven skal fremje enn dagens formålsavgjerd.

Ei særleg nyvinning er at "berekraft" er tatt inn i formålsavgjerda i form av omgrepet "effektiv og berekraftig bruk av ressursane i samfunnet". Dette understrekar godt at effektiv ressursbruk i offentlege innkjøp omfattar fleire ulike samfunnsomsyn og at miljø og grøn omstilling har skal ha ein sentral plass i både planlegging og gjennomføringa av innkjøp. At klima- og miljøomsyn må takast i alle innkjøp, uavhengig av om dei er under eller over EØS terskelverdi, underbyggjer formålet og gjer det etter vurderinga vår lettare å handheve sidan alle innkjøp skal må ha ein klima- og miljøprofil.

Utvalet legg vekt på at standardiserte minimumskrav på prioriterte område er det viktigaste grepet for at offentlege innkjøp i praksis skal bidra til grøn omstilling. Det vil krevje mindre kapasitet og kompetanse hos oppdragsgivar, og gjere marknaden meir føreseieleg for leverandørar. Dette er i tråd med utvikling av standardiserte minimumskrav som vil kome frå EU, i tillegg til at Noreg kan utvikle særlege standardiserte minimumskrav.

Utvalet beskriv i utgreiinga kvifor krav til ytinga ofte vil ha ein betre effekt på det grøne

skiftet enn tildelingskriterium, i motsetning til endringa i forskrift som gjeld frå 01.01.2024 der oppdragsgivar pliktar å vekte miljøkrav med minst 30%. Dette er i tråd med dei innvendingane som er fremja frå KS og andre oppdragsgivarar, og vi er samde med utvalet og støttar også KS' høyrings svar på dette punktet.

Samfunnsomsyn

Kontraktsvilkår om lønns og arbeidsvilkår, krav til lærlingar og avgrensingar i talet på ledd i leverandørkjeda er tatt inn i avgjerdene i loven samfunnsomsyn. Plikta til å inneha kontraktsvilkår vil gjelde frå innslagspunktet i loven, altså innkjøp over kr 300 000, medan plikta til å gjennomføre risikoanalysar og kontroll skal gjelde for kunngjøringspliktige innkjøp.

Det kan vere ei utfordring at det er krav til kontraktsvilkår, men ikkje til håndhevelse av krava. Vi er samde i KS' innvending om at krav til leverandør og krav til oppfølging frå oppdragsgivar bør følgje kvarandre.

Mange kommunar har utarbeidd og tatt i bruk ein eigen modell for sikre seriøsitet, hinder sosial dumping og kjempe mot arbeidslivskriminalitet blant leverandørar (Skienmodellen). Det er viktig at det framleis er mogeleg å stille strenge krav til leverandørane og at nye lovføresegner ikkje avgrensar denne mogelegheita. Handlingsrommet for å setje lokale og/eller strengare krav til leverandørane bør klargjerast i forarbeida eller lovutkastet.

3. Om innkjøp under EØS-terskelverdi

Dagens regelverk for innkjøp som må kunngjerast nasjonalt (FOA del II) forsvinn. Reguleringa av innkjøp under EØS-terskelverdi i nytt lovutkast omfattar vare/teneste innkjøp med verdi mellom kr 300 000 og kr 2,2 millionar. For byggje og anleggskontraktar blir omfatta innkjøp med verdier mellom kr 300 000 og kr 56 millionar i klassisk (kommunal) sektor. Det er verd å merkje seg at for vare/teneste innkjøp heilt opp til 2,2 millionar kroner er det t.d. ikkje lenger ei kunngjeringsplikt, men ein kan kunngjere viss ein vil.

Med ein større fridom hos oppdragsgivar til å velje leverandørar sjølv under EØS-terskelverdi, skaper endringar og manglande regulering uvisse knytt til prosess. Vi støttar derfor KS' fråsegn om at det er behov for god rettleiing for gjennomføringa av innkjøp under EØS-terskelverdi framover. Uvisse medfører også ein fare for at den resterande leverandørmarknaden vil klage på desse prosessane i større grad. Klagebehandling er både ressurs- og tidkrevjande og vi fryktar at gevinsten ved enklare regulering fort kan gå over i krevjande klageprosessar. Det er i denne delutgreiinga ikkje gitt føringar for sanksjonsmogelegheiter eller klagebehandling. Det skaper ei uvisse rundt konsekvensane av den foreslåtte nye reguleringa. Kva rolle vil KOFA få framover?

For bygge- og anleggsinnkjøp blir innkjøp under EØS-terskelverdi meir kompliserte i forslaget til ny lov. Innkjøp opp til 3 millionar kroner følgjer same reglar som for vare/tenester. Men for innkjøp mellom 3 -15 millionar er det krav om forenkla kunngjering i Doffin. Såg igjen for innkjøp mellom 15-56 skal reglane over terskelverdiane følgjast, likevel med ei liste som forenkla reglane (Lovutkastets § 3-2 (2)) i forhold til dei som gjeld over terskelverdiane. T.d. er det kunngjeringsplikt, men ein kan velje å berre kunngjere nasjonalt.

For bygge- og anleggsinnkjøp blir det no tre regelsett å forhalde seg til for innkjøp under EØS-terskelverdi, i tillegg til reglane for innkjøp som er over terskelverdi. Dette verkar ikkje som ei forenkling i forhold til ressursbruk. Vi tiltrer KS' vurderingar knytt til bygge- og anleggsinnkjøp.

4. Om innkjøp over EØS-terskelverdi

Denne delen er ein kodifisering av eksisterande innkjøpsdirektiv og inneheld få materielle endringar. Avgjerdene til lovutkastet om innkjøp over EØS-terskelverdi omfattar virkeområde, unntak, særlege situasjonar, generelle reglar og reglar for gjennomføring

av konkurransen og dessutan reglar for gjennomføring av konkurransen og endringar av kontrakt.

Gjennomgangen i NOU'ein er knytt direkte til dei ulike artiklane i innkjøpsdirektiva. Artiklane er gjennomgåande kommenterte frå EU-lovgivningen og praksis først i første delavsnitt ("gjeldande rett"). I andre delavsnitt blir kommentert nasjonal rett, samanlikning med EU-retten og forslag til implementering i ny lov om innkjøp ("vurderinga frå utvalet"). For seinare gjenbruk og tolking av NOU-en gir dette ein god og forståeleg struktur som lettar arbeidet med å finne tilbake til både EU og EØS-retten og tidlegare nasjonal lovgivning med relevante avgjerder. Vi meiner dette er den viktigaste endringa frå dagens regulering av innkjøp over EØS-terskelverdi og er positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EU- og EØS-retten blir gjort tydeleg på denne måten.

Vi tiltrer KS' vurderingar knytt til strukturen til lovutkastet i dette kapittelet.

Helsing

Linda Alice Myhre Larsen
stabsleiar informasjon og service

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Bengt Solheim-Olsen

Vedlegg

Høyring - Ny lov om offentlege anskaffingar



Kinn kommune

Arkiv: FE-060, TI-&13
JournalpostID: 24/7351
Sakshandsamar: Linda Alice Myhre
Larsen
Dato: 05.02.2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/24	Kommunestyret	08.02.2024
024/24	Kommunestyret	15.02.2024

Høyring - Ny lov om offentlege anskaffingar

KOST- 024/24 Vedtak:

Høyringssvar frå Kinn Kommune
Sak 024/24 Dato: 15.02.2024

Vi viser til høyringsbrev av 10.11.23 der Nærings- og fiskeridepartementet ber om innspel til NOU 2023: 26, og ønske med dette å gi frå seg høyringssvar til forslaget.

1. Overordna om lovforslaget

Forslaget til ny lov om offentlege innkjøp er resultatet av første delutgreiing frå innkjøpsutvalet. Sidan andre delutgreiing blir lagd fram på eit seinare tidspunkt, er det sentrale tema som ikkje blir belyste i dette forslaget og det gjer det vanskeleg å kommentere forslaget heilskapleg.

På overordna nivå er vi positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EØS-retten blir gjort tydeleg slik forslaget legg opp til.

2. Om innleiande avgjerder og samfunnsomsyn

Det nye kapitlet om samfunnsomsyn verkar oversiktleg. Vi meiner det er ryddig og pedagogisk å samle dei overordna samfunnsomsyna i eit kapittel.

Den nye formålsavgjerda i lovforslaget er meir omfattande, tydelegare og klarare knytt opp mot det som loven skal fremje enn dagens formålsavgjerd.

Ei særleg nyvinning er at "berekraft" er tatt inn i formålsavgjerda i form av omgrepet "effektiv og berekraftig bruk av ressursane i samfunnet". Dette understrekar godt at effektiv ressursbruk i offentlege innkjøp omfattar fleire ulike samfunnsomsyn og at miljø og grøn omstilling har skal ha ein sentral plass i både planlegging og gjennomføringa av innkjøp. At klima- og miljøomsyn må takast i alle innkjøp, uavhengig av om dei er under eller over EØS terskelverdi, underbyggjer formålet og gjer det etter vurderinga vår lettare å handheve sidan alle innkjøp skal må ha ein klima- og miljøprofil.

Utvalet legg vekt på at standardiserte minimumskrav på prioriterte område er det viktigaste grepet for at offentlege innkjøp i praksis skal bidra til grøn omstilling. Det vil krevje mindre kapasitet og kompetanse hos oppdragsgivar, og gjere marknaden meir føreseieleg for leverandørar. Dette er i tråd med utvikling av standardiserte minimumskrav som vil kome frå EU, i tillegg til at Noreg kan utvikle særlege standardiserte minimumskrav.

Utvalet beskriv i utgreiinga kvifor krav til ytinga ofte vil ha ein betre effekt på det grønne skiftet enn tildelingskriterium, i motsetning til endringa i forskrift som gjeld frå

01.01.2024 der oppdragsgivar pliktar å vekte miljøkrav med minst 30%. Dette er i tråd med dei innvendingane som er fremja frå KS og andre oppdragsgivarar, og vi er samde med utvalet og støttar også KS' høyringssvar på dette punktet.

Samfunnsomsyn

Kontraktsvilkår om lønns og arbeidsvilkår, krav til lærlingar og avgrensingar i talet på ledd i leverandørkjeda er tatt inn i avgjerdene i loven samfunnsomsyn. Plikta til å inneha kontraktsvilkår vil gjelde frå innslagspunktet i loven, altså innkjøp over kr 300 000, medan plikta til å gjennomføre risikoanalysar og kontroll skal gjelde for kunngjøringspliktige innkjøp.

Det kan vere ei utfordring at det er krav til kontraktsvilkår, men ikkje til håndhevelse av krava. Vi er samde i KS' innvending om at krav til leverandør og krav til oppfølging frå oppdragsgivar bør følgje kvarandre.

Mange kommunar har utarbeidd og tatt i bruk ein eigen modell for sikre seriøsitet, hinder sosial dumping og kjempe mot arbeidslivskriminalitet blant leverandørar (Skiensmodellen). Det er viktig at det framleis er mogeleg å stille strenge krav til leverandørane og at nye lovføresegner ikkje avgrensar denne mogelegheita. Handlingsrommet for å setje lokale og/eller strengare krav til leverandørane bør klargjerast i forarbeida eller lovutkastet.

3. Om innkjøp under EØS-terskelverdi

Dagens regelverk for innkjøp som må kunngjerast nasjonalt (FOA del II) forsvinn. Reguleringa av innkjøp under EØS-terskelverdi i nytt lovutkast omfattar vare/teneste innkjøp med verdi mellom kr 300 000 og kr 2,2 millionar. For byggje og anleggskontraktar blir omfatta innkjøp med verdiar mellom kr 300 000 og kr 56 millionar i klassisk (kommunal) sektor. Det er verd å merkje seg at for vare/teneste innkjøp heilt opp til 2,2 millionar kroner er det t.d. ikkje lenger ei kunngjøringsplikt, men ein kan kunngjere viss ein vil.

Med ein større fridom hos oppdragsgivar til å velje leverandørar sjølve under EØS-terskelverdi, skaper endringar og manglande regulering uvisse knytt til prosess. Vi støttar derfor KS' fråsegn om at det er behov for god rettleiing for gjennomføringa av innkjøp under EØS-terskelverdi framover. Uvissa medfører også ein fare for at den resterande leverandørmarknaden vil klage på desse prosessane i større grad. Klagebehandling er både ressurs- og tidkrevjande og vi fryktar at gevinsten ved enklare regulering fort kan gå over i krevjande klageprosessar. Det er i denne delutgreiinga ikkje gitt føringar for sanksjonsmoglegheiter eller klagebehandling. Det skaper ei uvisse rundt konsekvensane av den foreslåtte nye reguleringa. Kva rolle vil KOFA få framover?

For bygge- og anleggsinnkjøp blir innkjøp under EØS-terskelverdi meir kompliserte i forslaget til ny lov. Innkjøp opp til 3 millionar kroner følgjer same reglar som for vare/tenester. Men for innkjøp mellom 3 -15 millionar er det krav om forenkla kunngjering i Doffin. Såg igjen for innkjøp mellom 15-56 skal reglane over terskelverdiane følgjast, likevel med ei liste som forenkla reglane (Lovutkastets § 3-2 (2)) i forhold til dei som gjeld over terskelverdiane. T.d. er det kunngjøringsplikt, men ein kan velje å berre kunngjere nasjonalt.

For bygge- og anleggsinnkjøp blir det no tre regelsett å forhalde seg til for innkjøp under EØS-terskelverdi, i tillegg til reglane for innkjøp som er over terskelverdi. Dette verkar ikkje som ei forenkling i forhold til ressursbruk. Vi tiltreir KS' vurderingar knytt til bygge- og anleggsinnkjøp.

4. Om innkjøp over EØS-terskelverdi

Denne delen er ein kodifisering av eksisterande innkjøpsdirektiv og inneheld få materielle endringar. Avgjerdene til lovutkastet om innkjøp over EØS-terskelverdi omfattar virkeområde, unntak, særlege situasjonar, generelle reglar og reglar for gjennomføring av konkurransen og dessutan reglar for gjennomføring av konkurransen

og endringar av kontrakt.

Gjennomgangen i NOU'ein er knytt direkte til dei ulike artiklane i innkjøpsdirektiva. Artiklane er gjennomgåande kommenterte frå EU-lovgivningen og praksis først i første delavsnitt ("gjeldande rett"). I andre delavsnitt blir kommentert nasjonal rett, samanlikning med EU-retten og forslag til implementering i ny lov om innkjøp ("vurderinga frå utvalet"). For seinare gjenbruk og tolking av NOU-en gir dette ein god og forståeleg struktur som lettar arbeidet med å finne tilbake til både EU og EØS-retten og tidlegare nasjonal lovgivning med relevante avgjerder. Vi meiner dette er den viktigaste endringa frå dagens regulering av innkjøp over EØS-terskelverdi og er positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EU- og EØS-retten blir gjort tydeleg på denne måten.

Vi tiltrer KS' vurderingar knytt til strukturen til lovutkastet i dette kapittelet.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren legg fram høyringssak ang. ny lov om offentlege anskaffingar utan tilråding.

Bakgrunn for saka:

Anskaffelsesutvalget blei oppnemnt av Kongen i statsråd 4. november 2022. Utvalet har hatt som mandat å gjennomgå regelverket for offentlege anskaffingar og kome med forslag til endringar. Utvalet har lagt fram første delutredning, NOU 2023: 26 Ny lov om offentlege anskaffingar.

Her finner du høyringa:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing7/id3013792/>

Saksopplysningar:

Frist for å sende inn høyringssvar er 10.02.2024.

Behandling i Kommunestyret 15.02.2024:

Høyringsvar Nou 2023:26, foreslått av Kjell-Jarle Oldeide, Kinn Rødt

Høyringssvar frå Kinn Kommune

Sak 024/24 Dato: 15.02.2024

Vi viser til høyringsbrev av 10.11.23 der Nærings- og fiskeridepartementet ber om innspel til NOU 2023: 26, og ønske med dette å gi frå seg høyringssvar til forslaget.

1. Overordna om lovforslaget

Forslaget til ny lov om offentlege innkjøp er resultatet av første delutgreiing frå innkjøpsutvalet. Sidan andre delutgreiing blir lagd fram på eit seinare tidspunkt, er det sentrale tema som ikkje blir belyste i dette forslaget og det gjer det vanskeleg å kommentere forslaget heilskapleg.

På overordna nivå er vi positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EØS-

retten blir gjort tydeleg slik forslaget legg opp til.

2. Om innleiande avgjerder og samfunnsomsyn

Det nye kapittelet om samfunnsomsyn verkar oversiktleg. Vi meiner det er ryddig og pedagogisk å samle dei overordna samfunnsomsyna i eit kapittel.

Den nye formålsavgjerda i lovforslaget er meir omfattande, tydelegare og klarare knytt opp mot det som loven skal fremje enn dagens formålsavgjerd.

Ei særleg nyvinning er at "berekraft" er tatt inn i formålsavgjerda i form av omgrepet "effektiv og berekraftig bruk av ressursane i samfunnet". Dette understrekar godt at effektiv ressursbruk i offentlege innkjøp omfattar fleire ulike samfunnsomsyn og at miljø og grøn omstilling har skal ha ein sentral plass i både planlegging og gjennomføringa av innkjøp. At klima- og miljøomsyn må takast i alle innkjøp, uavhengig av om dei er under eller over EØS terskelverdi, underbyggjer formålet og gjer det etter vurderinga vår lettare å handheve sidan alle innkjøp skal må ha ein klima- og miljøprofil.

Utvalet legg vekt på at standardiserte minimumskrav på prioriterte område er det viktigaste grepet for at offentlege innkjøp i praksis skal bidra til grøn omstilling. Det vil krevje mindre kapasitet og kompetanse hos oppdragsgivar, og gjere marknaden meir føreseieleg for leverandørar. Dette er i tråd med utvikling av standardiserte minimumskrav som vil kome frå EU, i tillegg til at Noreg kan utvikle særlege standardiserte minimumskrav.

Utvalet beskriv i utgreiinga kvifor krav til ytinga ofte vil ha ein betre effekt på det grøne skiftet enn tildelingskriterium, i motsetning til endringa i forskrift som gjeld frå 01.01.2024 der oppdragsgivar pliktar å vekte miljøkrav med minst 30%. Dette er i tråd med dei innvendingane som er fremja frå KS og andre oppdragsgivarar, og vi er samde med utvalet og støttar også KS' høyrings svar på dette punktet.

Samfunnsomsyn

Kontraktsvilkår om lønns og arbeidsvilkår, krav til lærlingar og avgrensingar i talet på ledd i leverandørkjeda er tatt inn i avgjerdene i loven samfunnsomsyn. Plikta til å inneha kontraktsvilkår vil gjelde frå innslagspunktet i loven, altså innkjøp over kr 300 000, medan plikta til å gjennomføre risikoanalysar og kontroll skal gjelde for kunngjøringspliktige innkjøp.

Det kan vere ei utfordring at det er krav til kontraktsvilkår, men ikkje til håndhevelse av krava. Vi er samde i KS' innvending om at krav til leverandør og krav til oppfølging frå oppdragsgivar bør følgje kvarandre.

Mange kommunar har utarbeidd og tatt i bruk ein eigen modell for sikre seriositet, hinder sosial dumping og kjempe mot arbeidslivskriminalitet blant leverandørar (Skienmodellen). Det er viktig at det framleis er mogeleg å stille strenge krav til leverandørane og at nye lovføresegner ikkje avgrensar denne mogelegheita.

Handlingsrommet for å setje lokale og/eller strengare krav til leverandørane bør klargjerast i forarbeida eller lovutkastet.

3. Om innkjøp under EØS-terskelverdi

Dagens regelverk for innkjøp som må kunngjerast nasjonalt (FOA del II) forsvinn. Reguleringa av innkjøp under EØS-terskelverdi i nytt lovutkast omfattar vare/teneste innkjøp med verdi mellom kr 300 000 og kr 2,2 millionar. For byggje og anleggskontraktar blir omfatta innkjøp med verdier mellom kr 300 000 og kr 56 millionar i klassisk (kommunal) sektor. Det er verd å merkje seg at for vare/teneste innkjøp heilt opp til 2,2 millionar kroner er det t.d. ikkje lenger ei kunngjøringsplikt, men ein kan kunngjere viss ein vil.

Med ein større fridom hos oppdragsgivar til å velje leverandørar sjølv under EØS-terskelverdi, skaper endringar og manglande regulering uvisse knytt til prosess. Vi støttar derfor KS' fråsegn om at det er behov for god rettleiing for gjennomføringa av innkjøp under EØS-terskelverdi framover. Uvisse medfører også ein fare for at den

resterande leverandørmarknaden vil klage på desse prosessane i større grad. Klagebehandling er både ressurs- og tidkrevjande og vi fryktar at gevinsten ved enklare regulering fort kan gå over i krevjande klageprosessar. Det er i denne delutgreiinga ikkje gitt føringar for sanksjonsmogelegheiter eller klagebehandling. Det skaper ei uvisse rundt konsekvensane av den foreslåtte nye reguleringa. Kva rolle vil KOFA få framover?

For bygge- og anleggsinnkjøp blir innkjøp under EØS-terskelverdi meir kompliserte i forslaget til ny lov. Innkjøp opp til 3 millionar kroner følgjer same reglar som for vare/tenester. Men for innkjøp mellom 3 -15 millionar er det krav om forenkla kunngjering i Doffin. Såg igjen for innkjøp mellom 15-56 skal reglane over terskelverdiane følgjast, likevel med ei liste som forenkla reglane (Lovutkastets § 3-2 (2)) i forhold til dei som gjeld over terskelverdiane. T.d. er det kunngjeringsplikt, men ein kan velje å berre kunngjere nasjonalt.

For bygge- og anleggsinnkjøp blir det no tre regelsett å forhalde seg til for innkjøp under EØS-terskelverdi, i tillegg til reglane for innkjøp som er over terskelverdi. Dette verkar ikkje som ei forenkling i forhold til ressursbruk. Vi tiltrer KS' vurderingar knytt til bygge- og anleggsinnkjøp.

4. Om innkjøp over EØS-terskelverdi

Denne delen er ein kodifisering av eksisterande innkjøpsdirektiv og inneheld få materielle endringar. Avgjerdene til lovutkastet om innkjøp over EØS-terskelverdi omfattar virkeområde, unntak, særlege situasjonar, generelle reglar og reglar for gjennomføring av konkurransen og dessutan reglar for gjennomføring av konkurransen og endringar av kontrakt.

Gjennomgangen i NOU'ein er knytt direkte til dei ulike artikkelane i innkjøpsdirektiva. Artiklane er gjennomgåande kommenterte frå EU-lovgivningen og praksis først i første delavsnitt ("gjeldande rett"). I andre delavsnitt blir kommentert nasjonal rett, samanlikning med EU-retten og forslag til implementering i ny lov om innkjøp ("vurderinga frå utvalet"). For seinare gjenbruk og tolking av NOU-en gir dette ein god og forståeleg struktur som lettar arbeidet med å finne tilbake til både EU og EØS-retten og tidlegare nasjonal lovgivning med relevante avgjerder. Vi meiner dette er den viktigaste endringa frå dagens regulering av innkjøp over EØS-terskelverdi og er positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EU- og EØS-retten blir gjort tydeleg på denne måten.

Vi tiltrer KS' vurderingar knytt til strukturen til lovutkastet i dette kapittelet.

Røysting:

Framlegg frå Raudt v/repr. K.J.Oldeide samrøystes vedtatt.

KOST- 024/24 Vedtak:

Høyringsssvar frå Kinn Kommune
Sak 024/24 Dato: 15.02.2024

Vi viser til høyringsbrev av 10.11.23 der Nærings- og fiskeridepartementet ber om innspel til NOU 2023: 26, og ønske med dette å gi frå seg høyringsssvar til forslaget.

1. Overordna om lovforslaget

Forslaget til ny lov om offentlege innkjøp er resultatet av første delutgreiing frå innkjøpsutvalet. Sidan andre delutgreiing blir lagd fram på eit seinare tidspunkt, er det sentrale tema som ikkje blir belyste i dette forslaget og det gjer det vanskeleg å kommentere forslaget heilskapleg.

På overordna nivå er vi positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EØS-

retten blir gjort tydeleg slik forslaget legg opp til.

2. Om innleiande avgjerder og samfunnsomsyn

Det nye kapittelet om samfunnsomsyn verkar oversiktleg. Vi meiner det er ryddig og pedagogisk å samle dei overordna samfunnsomsyna i eit kapittel.

Den nye formålsavgjerda i lovforslaget er meir omfattande, tydelegare og klarare knytt opp mot det som loven skal fremje enn dagens formålsavgjerd.

Ei særleg nyvinning er at "berekraft" er tatt inn i formålsavgjerda i form av omgrepet "effektiv og berekraftig bruk av ressursane i samfunnet". Dette understrekar godt at effektiv ressursbruk i offentlege innkjøp omfattar fleire ulike samfunnsomsyn og at miljø og grøn omstilling har skal ha ein sentral plass i både planlegging og gjennomføringa av innkjøp. At klima- og miljøomsyn må takast i alle innkjøp, uavhengig av om dei er under eller over EØS terskelverdi, underbyggjer formålet og gjer det etter vurderinga vår lettare å handheve sidan alle innkjøp skal må ha ein klima- og miljøprofil.

Utvalet legg vekt på at standardiserte minimumskrav på prioriterte område er det viktigaste grepet for at offentlege innkjøp i praksis skal bidra til grøn omstilling. Det vil krevje mindre kapasitet og kompetanse hos oppdragsgivar, og gjere marknaden meir føreseieleg for leverandørar. Dette er i tråd med utvikling av standardiserte minimumskrav som vil kome frå EU, i tillegg til at Noreg kan utvikle særlege standardiserte minimumskrav.

Utvalet beskriv i utgreiinga kvifor krav til ytinga ofte vil ha ein betre effekt på det grønne skiftet enn tildelingskriterium, i motsetning til endringa i forskrift som gjeld frå 01.01.2024 der oppdragsgivar pliktar å vekte miljøkrav med minst 30%. Dette er i tråd med dei innvendingane som er fremja frå KS og andre oppdragsgivarar, og vi er samde med utvalet og støttar også KS' høyrings svar på dette punktet.

Samfunnsomsyn

Kontraktsvilkår om lønns og arbeidsvilkår, krav til lærlingar og avgrensingar i talet på ledd i leverandørkjeda er tatt inn i avgjerdene i loven samfunnsomsyn. Plikta til å inneha kontraktsvilkår vil gjelde frå innslagspunktet i loven, altså innkjøp over kr 300 000, medan plikta til å gjennomføre risikoanalysar og kontroll skal gjelde for kunngjøringspliktige innkjøp.

Det kan vere ei utfordring at det er krav til kontraktsvilkår, men ikkje til håndhevelse av krava. Vi er samde i KS' innvending om at krav til leverandør og krav til oppfølging frå oppdragsgivar bør følgje kvarandre.

Mange kommunar har utarbeidd og tatt i bruk ein eigen modell for sikre seriøsitet, hinder sosial dumping og kjempe mot arbeidslivskriminalitet blant leverandørar (Skienmodellen). Det er viktig at det framleis er mogeleg å stille strenge krav til leverandørane og at nye lovføresegner ikkje avgrensar denne mogelegheita.

Handlingsrommet for å setje lokale og/eller strengare krav til leverandørane bør klargjerast i forarbeida eller lovutkastet.

3. Om innkjøp under EØS-terskelverdi

Dagens regelverk for innkjøp som må kunngjerast nasjonalt (FOA del II) forsvinn. Reguleringa av innkjøp under EØS-terskelverdi i nytt lovutkast omfattar vare/teneste innkjøp med verdi mellom kr 300 000 og kr 2,2 millionar. For byggje og anleggskontraktar blir omfatta innkjøp med verdier mellom kr 300 000 og kr 56 millionar i klassisk (kommunal) sektor. Det er verd å merkje seg at for vare/teneste innkjøp heilt opp til 2,2 millionar kroner er det t.d. ikkje lenger ei kunngjøringsplikt, men ein kan kunngjere viss ein vil.

Med ein større fridom hos oppdragsgivar til å velje leverandørar sjølve under EØS-terskelverdi, skaper endringar og manglande regulering uvisse knytt til prosess. Vi støttar derfor KS' fråsegn om at det er behov for god rettleiing for gjennomføringa av innkjøp under EØS-terskelverdi framover. Uvisse medfører også ein fare for at den

resterande leverandørmarknaden vil klage på desse prosessane i større grad. Klagebehandling er både ressurs- og tidkrevjande og vi fryktar at gevinsten ved enklare regulering fort kan gå over i krevjande klageprosessar. Det er i denne delutgreiinga ikkje gitt føringar for sanksjonsmogelegheiter eller klagebehandling. Det skaper ei uvisse rundt konsekvensane av den foreslåtte nye reguleringa. Kva rolle vil KOFA få framover?

For bygge- og anleggsinnkjøp blir innkjøp under EØS-terskelverdi meir kompliserte i forslaget til ny lov. Innkjøp opp til 3 millionar kroner følgjer same reglar som for vare/tenester. Men for innkjøp mellom 3 -15 millionar er det krav om forenkla kunngjering i Doffin. Såg igjen for innkjøp mellom 15-56 skal reglane over terskelverdiane følgjast, likevel med ei liste som forenkler reglane (Lovutkastets § 3-2 (2)) i forhold til dei som gjeld over terskelverdiane. T.d. er det kunngjeringsplikt, men ein kan velje å berre kunngjere nasjonalt.

For bygge- og anleggsinnkjøp blir det no tre regelsett å forhalde seg til for innkjøp under EØS-terskelverdi, i tillegg til reglane for innkjøp som er over terskelverdi. Dette verkar ikkje som ei forenkling i forhold til ressursbruk. Vi tiltrer KS' vurderingar knytt til bygge- og anleggsinnkjøp.

4. Om innkjøp over EØS-terskelverdi

Denne delen er ein kodifisering av eksisterande innkjøpsdirektiv og inneheld få materielle endringar. Avgjerdene til lovutkastet om innkjøp over EØS-terskelverdi omfattar virkeområde, unntak, særlege situasjonar, generelle reglar og reglar for gjennomføring av konkurransen og dessutan reglar for gjennomføring av konkurransen og endringar av kontrakt.

Gjennomgangen i NOU'ein er knytt direkte til dei ulike artikkelane i innkjøpsdirektiva. Artiklane er gjennomgåande kommenterte frå EU-lovgivningen og praksis først i første delavsnitt ("gjeldande rett"). I andre delavsnitt blir kommentert nasjonal rett, samanlikning med EU-retten og forslag til implementering i ny lov om innkjøp ("vurderinga frå utvalet"). For seinare gjenbruk og tolking av NOU-en gir dette ein god og forståeleg struktur som lettar arbeidet med å finne tilbake til både EU og EØS-retten og tidlegare nasjonal lovgivning med relevante avgjerder. Vi meiner dette er den viktigaste endringa frå dagens regulering av innkjøp over EØS-terskelverdi og er positive til at samanhengen mellom nasjonal rett og EU- og EØS-retten blir gjort tydeleg på denne måten.

Vi tiltrer KS' vurderingar knytt til strukturen til lovutkastet i dette kapittelet.

Behandling i Kommunestyret 08.02.2024:

KOST- 017/24 Vedtak:

Sak utsatt.

Vedlegg i saken:

Høring - Ny lov om offentlige anskaffelser

Følgeskriv

Høringsinstanser (4167294)